

Årsmelding for Vestland SV 2019-2020



1) Fylkesårsmøtet og nominasjonsmøte

Fylkesårsmøtet var laurdag 9. februar og søndag 10. februar på Scandic Flesland Airport Hotell på Sandsli i Bergen. Nominasjonsmøtet for fylkestingslista var søndag 10. februar på same stad. Det var 106 utsendingar og 19 observatørar på møtet.

Det var 26 lokallaga som møtte: Askvoll SV, Fjaler SV, Gloppen SV, Kinn SV, Lærdal SV, Sogndal SV, Solund SV, Stad SV, Sunnfjord SV, Askøy SV, Austevoll SV, Bergen SV, Bjørnafjorden SV, Bømlo SV, Fjell SV, Kvam SV, Kvinnherad SV, Osterøy SV, Stord SV, Sund SV, Sveio SV, Ullensvang SV, Ulvik SV, Vaksdal SV, Voss SV og Øygarden SV.

2) Fylkesstyret

På fylkesårsmøtet vart desse valt til fylkesstyre:

Leiar: **Hege Lothe**, Gloppen

Politisk nestleiar: **Gina Barstad**, Bergen

Organisatorisk nestleiar: **Akthar Chaudhry**, Stord

Økonomiansvarleg: **Audun Syltevik**, Bergen

Distriktpolitisk ansvarleg: **Gaute Losnegård**, Askvoll

Folkevald ansvarleg: **Torunn Olsnes**, Bergen

Fagleg ansvarleg: **Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden

Kvinnepolitisk ansvarleg: **Vibeke Johnsen**, Sogndal

Miljøpolitisk ansvarleg: **Ingrid Rekkavik**, Bergen

Styremedlem: **Åsmund Bertelsen**, Sunnfjord

Styremedlem: **Geir Madsen**, Kvam

Styremedlem: **Hilde Marie Boberg Andresen**, Bergen

I tillegg har desse vore representert i fylkesstyret:

Representant frå SU: **Hans Christian Knutsen**

Avtroppande fylkestingsgruppeleiar: **Aud Karin Oen**

Avtroppande fylkestingsgruppeleiar: **Jakob Andre Sandal**

Påtroppande fylkestingsgruppeleiar: **Marthe Hammer**

Fylkesstyret har hatt 7 møte gjennom året og handsama 64 saker. Møta har vore 9. april, 6. mai, 14. juni, 23. oktober, 15. november, 8. januar og 29. januar. To av styremøta har vore fysisk frammøte på kontoret fredag ettermiddag og kveld, dagen før samlingar i Bergen. Dei andre møta har vore med

nettløysinga Zoom. Det var dessutan tre ekstramøte knytt til resultatet av og forhandlingane etter fylkestingsvalet. Sjå eige punkt om dette.

Fylkesstyret har hatt ein god kameratsleg tone, og hatt gode politiske og organisatoriske drøftingar. Det er eit mål at fylkesstyret får meir møtetid saman, og gjere fleire fysiske møter, slik at ein kan ta opp fleire saker og få drøfta fleire av sakene grundigare.

3) Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet er **Hege Lothe**, leiar, **Gina Barstad**, politisk nestleiar, **Akthar Chaudhry**, organisatorisk nestleiar og **Audun Syltevik**, økonomiansvarleg. Arbeidsutvalet har hatt fire møter gjennom perioden og har handsama 23 saker. Tre av møta har vore på fylkeslagskontoret i Bergen.

4) Valnemnd

På fylkesårsmøtet vart det valt eiga valnemnd. Desse har vore: Rafael Cobo, leiar (Askøy) Jan-Sigurd Haugen (Sogndal), Karin Bell Trældal (Stord), Eldrid Skudal (Sunnfjord) og Marianne Sæhle, (Bergen). Karin Bell Trældal måtte trekkje seg før arbeidet framfor fylkesårsmøtet kom i gong. Fylkesstyret supplerte valnemnda med Eli Neeraas Vihovde (Sveio). Vestland SU stilte med Hans Christian Knutsen i valnemnda.

5) Revisorar

På fylkesårsmøtet vart Steinar Øydvin (Sogndal) og Lena Grønningsæter (Bergen) valt til revisorar. Mette Holmefjord Olsen er vara.

4) Utvala

I vedtektene står det at om «fylkesstyret ser at det er trong for å få løyst ulike oppgåver, kan dei opprette utval eller nemnder». Vestland SV tek med seg litt ulike tradisjonar for utval, og har brukt litt tid på å få sving på utvalsarbeidet. Sidan det har vore valkampår, har valkampaktivitet hatt fyrsteprioritet. Her går vi gjennom kva utval vi har hatt, og syner til rapport frå kvart av utvala.

Distriktpolitisk utval

Etter framlegg frå Gaute Losnegård sette fylkesstyret ned eit distriktpolitisk utval på styremøtet i mai:

Gaute Losnegård (leiar)
Åsmund Berthelsen (Sunnfjord)
Geir Madsen (Kvam)
Elisabeth Croles (Kvinnherad)
Viviann Midtbø (Kinn)
Guro Ljone (Ulvik)

Dette er eit utval ingen av dei to tidlegare fylkeslaga har hatt før. Distriktpolitisk utval har arbeidd med ei motmelding til regjeringa si stortingsmelding om distrikta (nr. 5 Levende lokalsamfunn for fremtiden), som kom hausten 2019. Motmeldinga blei framlagt for fylkesstyret i januar 2020 og sendt til stortingsgruppa til SV. Utvalet har halde eitt møte i Bergen 16. november, og har elles hatt kontakt via messenger og epost. Leiar har følgd politikfeltet i media og har observert den politiske tendensen når det gjeld motstand mot fylkessamanslåinga, mellom anna på Facebook-sida Stopp Vestland.

Fagleg utval

Hege Bjørnør, leiar (aktiv i Fagforbundet) (Bjørnafjorden)
Vigdis Vestvik, tilsett i NNN (Bergen)
Asle Olsen, aktiv i Industri og energi (Bjørnafjorden)
Steinar Øydvin, tillitsvald Utdanningsforbundet (Gloppen)

Karin Bell Trældal, rådgjevar for Norsk Sykepleierforbund Hordaland (Stord)
Kathrine Froestad, regionsekretær i Fagforbundet Vestland (Kvam)
Katrine Anita Heggelund, medlem i Fellesforbundet (Gloppen)
Henrik Fjeldbø, forbundssekretær i Industri og Energi (Høyanger)

På grunn av valkamp har det vore lite aktivitet i utvalet. Leiar har skreve nokre utspel om aktuelle arbeidslivssaker gjennom året.

Kvinnepolitisk utval

Kvinnepolitisk utval har i perioden vore desse:

Vibeke Johnsen, leiar (Sogndal)
Eva Aarskog (Øygarden)
Sissel Kulid (Bergen)
Elin Hege Lona (Osterøy)
Monica R Wallem (Bergen)
Jinda Wali (Øygarden)
Inger Aralt (Bergen)
Hanne Bolstad (Høyden SV)
Anna Nordlund (Alver)

Utvalet har hatt tre møte i perioden: Eitt i Bergen på Cafe Sana 9. mai og skype-møte, 23. oktober 2019 og 27. januar 2020. Utover det har det vore dialog og planlegging i eiga Facebook-gruppe. Kvinnepolitisk utval har delteke på planleggingsmøte i 8. mars-initiativet, arrangerte møte i Bergen med Raudt KPU om kvinner i aktiv rus og retten til trygt butilbod/krisesentertilbod når dei er utsette for vald, vore med på abortaksjon, med SV-kvinner 14. juni og markerte den internasjonale dagen for arbeid for avskaffing av vald mot kvinner 25. november med lesarbrev på trykk i fleire lokalaviser i Vestland. Kvinneutvalet har skrivne e-post til lokallaga og spurt om fleire vil delta i utvalet, oppmoda til å markere 25. november og vere med i/ta initiativ til 8. mars-komiteen/ar.

Miljøpolitisk utval

På styremøtet i juni vart miljøpolitisk oppnemnd etter framlegg frå Ingrid Haarstad Rekkavik med desse medlemmane:

Ingrid Rekkavik, leder (Bergen)
Kaja Olsen (nestleder) (Bergen)
Hans Christian Knudsen (Sogndal)
Ole Fosse Fardal (Gloppen)
Ragnhild Freng Dale (Sogndal)
Erik Gullaksen (Bergen)
Ivar Grape Arnesen (Bergen)
Hallvard Birkeland (Bergen)

Miljøpolitisk utval har i tillegg eit større tal støttemedlemar, som er organisert via ei lukka Facebook-gruppe. For tredje år på rad arrangerte utvalet i 2019 morgenaksjon på Verdens Miljødag 5. juni. Delvis på grunn av kommunevalkampen har utvalet hatt relativt lite aktivt i 2019.

7) Tilsette

Frøydís Olaussen er fylkessekretær for Vestland SV i full stilling. Ho hadde tidlegare full stilling for Hordaland SV. Ho er sekretær for fylkestyret og arbeidsutvalet, og har stort sett med alt fylkeslaget arbeider med. Det tyder at ho følgjer opp alle dei organisatoriske tiltaka i fylkeslaget knytt til arrangement og valkamp, og gjer mykje arbeid knytt direkte til lokallaga. Ho følgjer opp økonomiarbeidet saman med økonomiansvarleg. Ho følgjer også arbeidet knytt til fylkestinget tett, og

deltek som sekretær i forhandlingar med samarbeidspartia, på mange av møta i fylkesutvalet, og i fylkestinget. Ho er arbeidsleiar for Morten Heszelein-Lossius.

Morten Heszelein-Lossius arbeider full tid i stilling som er delt mellom Møre og Romsdal SV (20%), Bergen SV (50%) og Vestland SV (30%).

Begge to deltek på dei sentrale stabsmøta og held kontakt med partikontor og stab på Stortinget. I samanslåingsåret, listestillingsvåren og valkampåret 2019 har det vore mange oppgåver som har falle på dei tilsette. Begge to har lagt ned ein enorm innsats gjennom året, og fylkesstyret meiner det er vanskeleg å sjå for seg at Vestland SV hadde greidd seg så godt som vi trass alt har gjort gjennom dette, om ikkje det hadde vore for dei tilsette.

8) Fylkeskontoret

Fylkeskontoret til Vestland SV er i St. Jakobs plass 9 i Bergen sentrum. Det er fast kontorstad for Morten Heszelein-Lossius og Frøydis Olaussen. Der er eit større møterom som vert brukt av både Bergen SV og Vestland SV, tillegg til Bergen SU og Vestland SU. Vestland SU har eit eige kontor saman med Bergen SU som ein del av kontorfellesskapet.

9) Landsstyret

I perioden har det vore landsstyremøte i mars (dagen før landsmøtet). Deretter byrja ny landsstyreperiode med møte i mai, september, november og januar. På fylkesårsmøtet vart **Gina Barstad** valt til landsstyrepresentant for Hordaland, men på landsmøtet vart ho vald som sentralstyremedlem. Difor vart **Torunn Olsnes** valt til fast møtande landsstyrerepresentant, men nokre endringar i varalista. **Oddny Miljeteig** vart attvald som direktevald landsstyrerepresentant og har møtt som det.

Landsstyrerepresentant for Hordaland:

Torunn Olsnes, Bergen

1. vara: **Akthar Chaudry**, Stord
2. vara: **Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden
3. vara: **Geir Madsen**, Kvam

Landsstyrerepresentant for Sogn og Fjordane:

Hege Lothe, Gloppen

1. vara: **Vibeke Johnsen**, Sogndal
2. vara: **Åsmund Bertelsen**, Sunnfjord
3. vara: **Gaute Losnegård**, Askvoll

Vestland SV har fremja tre fråsegner: Til møtet i september fremja vi og fekk vedteke ei fråsegn med overskrifta: «Ja til bosetting av særleg sårbare flyktningar». Til landsstyremøtet i november fremja vi fråsegna «Hald på distriktskontora i NRK». Denne fråsegna vart oversendt til stortingsgruppa. Saman med fleire andre kystfylke fremja vi og fekk vedteke fråsegna: «Auka løyvingar til ferje- og hurtigbåtfylka!» på landsstyremøtet i november.

Utsendingane frå Vestland SV søker å vere aktive i landsstyremøta, og samsnakke seg med andre fylkeslag på førehand. I perioden har ein ved nokre høve fått til gode førebuande drøftingar i fylkesstyret, og det må vere malen i det vidare arbeidet knytt til landsstyremøta.

10) Anna representasjon i denne perioden

Vestland SV er representert i både den sentrale leiinga i partiet og sentrale utval.

Audun Lysbakken er partileiar

Gina Barstad er sentralstyremedlem

Andreas Sjalg Unneland er leiar i Sosialistisk Ungdom og sit i sentralstyret i SV
Oddny Miljeteig er direktevald landsstyrerepresentant

Vibeke Johnsen er medlem i Kvinnepolitisk utval

Mariann Fossum er medlem av Kvinnepolitisk utval

Sara Bell er medlem i Fagleg utval

Vigdis Vestvik er medlem i Fagleg utval

Jarle Brattespe er medlem av Miljøpolitisk utval

Kerim Nisancioglu er medlem av Miljøpolitisk utval

Elin Hege Lona er medlem av Inkluderingspolitisk utval

Anna Nordlund er medlem av EU/EØS-utvalet

Rafael Cobo er medlem av Internasjonalt utval

Marthe Hammer sit i programkomiteen som lagar framlegg til nytt Arbeidsprogram 2021-2025

Hege Lothe sat i utvalet som laga den sentrale valkampevalueringa for landsstyret.

Marita Bonita Igland er feministisk leiar i sentralstyret i Sosialistisk Ungdom

11) Samarbeid med Vestland SU

Det har vore eit godt samarbeid med Vestland SU og SU gjorde ein skikkeleg solid innsats i valkampen. Vestland SU møter i fylkesstyret og det er svært viktig for kontakten vår. Fylkesstyret ynskjer å gjere samarbeidet betre med at vi har faste møter to gonger i året.

12) Landsmøte i SV



Det 23. ordinære landsmøte til SV var fredag 29. til søndag 31. mars 2019 på Clarion Hotel Oslo Airport på Gardermoen. Fylkesårsmøta til Hordaland SV og Sogn og Fjordane SV hadde valt kvar sin landsmøtedelegasjon. Men Vestland SV reiste likevel som ei felles landsmøtedelegasjon med felles leiing. På førehand var det kalla inn til to landsmøte-samlingar i felles nettmøte der landsmøtedelegasjonen drøfta seg igjennom dei viktige politiske emna. Fleire av utsendingane frå Vestland SV-delegasjonen sat i redaksjonskomiteane som var i arbeid gjennom landsmøtet. Det var på førehand arbeidd med at så langt som råd var, skulle alle landsmøteutsendingane på talarstolen. På grunn av at det vart kutta i talarlista, var det nokre som ikkje fekk ordet.

Desse møtte som utsendingar frå Vestland SV:

Torbjørn Taranger, Rafael Cobo, Ida Sekkingstad, Mikkel Grüner, Marthe Hammer, Steinar Nørstebø, Diane Berbain, Jarle Brattespe, Johanne Vaagland, Andreas Madsen Berg, Tina Åsgård, Hilde Hildal Hauglid, Elisabeth Croles, Asle Olsen, Symphorien Pombe, Emma Pedersen, Åsmund Berthelsen, Hans Christian Knudsen, Aud Kari Isane, Steinar Øydvin og Gitta Sas.

Desse møtte som landsstyrerepresentantar:

Hege Lothe, Gina Barstad, Vibeke Johnsen og Oddny Miljeteig

Møtte som sentralstyremedlem: Audun Lysbakken

Desse møtte som observatørar:

Hilde Iren Rivedal (dekka av fylkeslaget), Inger Marie Himle (dekka av fylkeslaget), Marie Kjeldaas, Kirsti Lunde, Jens Hestnes Andersen, Eva Aarskog, Emil Øvretveit, Oddne Bjørnør Horg, Anna Nordlund, Håkon Sjøstad (kun fredag) og Magne Aardal.

13) Listestillingsarbeidet i kommunane

Hordaland SV og Sogn og Fjordane SV arbeidde med listestilling gjennom 2018, og dette arbeidet arva Vestland SV. Det var Frøydis Olaussen som følgde opp listestillinga i Hordaland, saman med listestillingsansvarleg Torunn Olsnes. Morten Heszlein-Lossius følgde opp Sogn og Fjordane saman med listestillingsansvarleg Vigdis Heimdal Reksnes. Arbeidet vart koordinert med partikontoret sentralt.

Vi er veldig godt nøgde med å stille liste i Austrheim, der vi stilte liste for fyrste gong. Og i Austevoll, Eidfjord og Aurland, der vi ikkje har stilt liste på mange år. På Osterøy, Sveio, Vik, Stryn og Høyanger stilte vi liste, sjølv om vi ikkje kom inn ved førre val.

Det var gjort mykje godt arbeid med listestillingsarbeidet i heile fylket. Men partibyggingarbeidet er langsiktig arbeid, og det er viktig å ha dette som ein del av det daglege politiske arbeidet.

14) Valkampgruppe

Fylkeslaget laga ei valkampgruppe som bestod av arbeidsutvalet og toppkandidatane til fylkestinget. Desse møtte: Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen, Marianne Sæhle, Symphorien Pombe, Aud Kari Isane, Jeffery Meijer, Hege Lothe, Gina Barstad, Akthar Chaudhry og Audun Syltevik. Frøydis Olaussen var sekretær for valkampgruppa. Gruppa møttest same dag som nominasjonsmøtet vart helde. Deretter var resten av møta nettmøte på Zoom. Fyrste oppgåve var å utforme ein strategi, skrive tekst og utforme valprogrammet. Frå sommarferien var avslutta, var det å gjennomføre valkampen. Hege Lothe leia møta fram til sommaren, deretter overtok Marthe Hammer.

15) Gjennomføring av valkampen

Førebuing av valkampen byrja med ein gong nominasjonen og valkamprogrammet var klart. Men sidan vi då framleis hadde mykje arbeid med listestillingsarbeidet, og arbeid knytt til det å slå saman laga våre, vart sjølve valkampplanlegginga seinare enn vi kunne ynskje oss. Det gjorde til dømes at valkampmateriellet vart laga om sommaren, og det vart eit seigare arbeid fordi det sentralt var nye system for det grafiske arbeidet.

Det vart også for lite informasjon til lokallaga om at vi ikkje kom til å bruke portopengar på å sende ut valflygeblad frå fylkeslaget, og at vi rådde til at lokallaga sjølve delte ut valkampmateriellet. Her merka vi fylkessamanslåinga godt, fordi Hordaland ikkje har sendt ut flygeblad i postkassene, så forventna laga det heller ikkje. Medan i Sogn og Fjordane har fylkesflygebladet blitt sendt ut i postkassene, og dei fleste lokallaga har også kosta porto til dette. Og då hadde dei lokallaga ei anna forventning, som ikkje vart innfridd.

Marthe Hammer gjorde ein formidabel innsats som fyrstekandidat i valkampen. Ho arbeidde opp mot media, reiste mykje og var god i debattar. Ho fekk mykje blest mot vindmøller og for gode klimaløysingar på samferdsle, og arbeidde godt opp mot media på dette. Ho arbeidde også på andre politikkkfelt, og det var mange saker som vi veit var ferdig laga, men som ikkje kom på trykk eller vart sendt. Også dei andre toppkandidtane stod skikkeleg på i valkampen, og med det valkampapparatet vi hadde, nådde vi langt. Det er skrive ei eiga valkampevaluering, som også tek for seg viktige organisatoriske valkamperfaringar til neste valkamp.

16) Valresultat

I valet til fylkestinget fekk SV 6,4% av røystene og 4 mandat. I 2015 var tilsvarande tal 5% i Hordaland og 3.4% i Sogn og Fjordane. Hordaland hadde 3 mandat og Sogn og Fjordane 1 mandat. I 2011 hadde Hordaland 4% og Sogn og Fjordane 4.3% og begge fylker hadde 2 mandat.

17) Forhandlingar

Fylkesstyret valte forhandlingsutval, og dei som møtte i forhandlingar i Bergen på valnatta var Hege Lothe, Marthe Hammer og Frøydis Olaussen. Ut på den andre dagen reiste Hege Lothe heim att til Nordfjord og forhandlingsgruppa vart styrka skiftvis med Gina Barstad og Aud Karin Oen.

På valdagen var det møte om forhandlingane mellom fylkesstyret og valkampgruppa, der ein var samde om å prioritere samferdsle og opplæring som dei viktigaste politikkkelta. På førehand var det langt frå klart kven som kom til å gå i forhandlingar. Og det enda med at vi forhandla med Arbeiderpartiet, Senterpartiet, MDG, Venstre og KrF, og vi danna også ein fleirtallskonstellasjon saman med desse. Etter valresultatet hadde SV plass i fylkesutvalet, og i forhandlingane fekk vi to nestleiarplassar i utvala for samferdsle og opplæring.

Det var møte med fylkesstyret og valkampgruppa om morgonen etter den fyrste forhandlingsnatta, og når den politiske plattformen var klar, vart lokallaga kalla inn til eit utvida fylkesstyremøte for å sjå



resultatet før Marthe Hammer signerte på plattformen. Vi vurderte det slik at vi fekk mange viktige gjennomslag i plattformen, og at det er ei plattform som absolutt kan føre fram mange gode løysingar i fireårsperioden.

Den politisk plattformen for samarbeidspartia ser slik ut: <https://www.sv.no/vestland/wp-content/uploads/sites/53/2019/09/Politisk-plattform-og-avtale-2019-2023.pdf>

18) Samlingar og seminar

Den 15. juni vart det valkampkonferanse i Bergen med 90 påmelde deltakarar. I denne dagskonferansen var det fleire innleiingar om dei viktigaste politiske sakene, og innleiingar med konkret opplæring knytt til sosiale media.

Dagen etter 16. juni var det kandidatsamling, også i Bergen. Her deltok 41 kandidatar frå 20 lokallag. Kandidatane var konkret inviterte. Denne samlinga gjekk meir konkret inn i valkamparbeidet for fylkeskandidatane og for kommunestyre-kandidatane. Denne dagen var det også fotografering av alle kandidatane. Bilete saman og kvar for seg, i mange ulike variantar.


I midten av november var det folkevaldsamling. Det var det 30 påmelde frå 14 lokallag. Samlinga fekk veldig god tilbakemelding frå dei som deltok, og det vart også uttrykt ynskje å få til fleire slike samlingar.

19) Regionmøte

I dette arbeidsåret har det vore eit regionmøte for Sogn og Fjordane. Møtet var på Skei i Jølster i november. Det var godt oppmøte og eit interessant program. I møtet vart valkampen drøfta, listestilling for stortingsvalet og innleiingar til aktuelle saker for folkevalde i kommunestyra. Det vart oppmoda til å få til fleire slike regionale samlingar.

20) Medlemstal

Vestland SV har 1982 betalende medlemmer pr. 31.12.19. Det er ein vekst siste året på 350 medlemmer. Denne veksten har vore spesielt høg i Bergen SV, men det har elles vore auke i medlemstal i heile fylkeslaget.



21) Lokallaga

I perioden har dei siste partilaga som ynskjer å slå seg saman som følge av kommunesamanslåing, gjennomført samanslåinga av laga. Fylkesstyret har fordelt lokallaga mellom kvar fylkesstyremedlem, slik at alle fylkesstyremedlemene skal følgje opp kvar sin to-tre lokallag. I høve årsmøtesesongen i

januar har fylkesstyret tilbydd alle lokallaga å få besøk på sine lokallagsårsmøte. Sjå vedlegg 1 for lokallagslista og valresultat.

Det er stor spennvidde i kva type lokallag Vestland SV har. Det største lokallaget har nær halvparten av medlemane i fylkeslaget, medan dei minste lokallaga har to-tre medlemmer. Fylkesstyret meiner det er viktig å halde fram eit arbeid med å styrke lokallaga. På den eine sida er viktig å få til gode møteplassar lokalt, som både dagens medlemmer og nye medlemmer tykkjer er spennande og interessante. Og på den andre sida må fylkeslaget sørge for gode fellesmøteplassar med laga våre, som gjer at våre tillitsvalde og medlemmer får ny kveik og nye gode argument for å halde fram sitt arbeid lokalt.

Det blir arbeidd med å få på plass eit årsmøte og eit lokallagsstyre i Aurland kommune. Fylkesstyre ynskjer å arbeide vidare med å styrke lokallaga i arbeidet deira.

22) Sosiale media

Facebook: Etter samanslåinga mellom Sogn og Fjordane SV og Hordaland SV skulle også dei to fylkeslaga slå seg saman på Facebook. Der forsøkte vi fyrst ei løysing der vi «slo» saman sidene, men det fekk vi ikkje til å fungere på ein god måte. Difor har vi lagra all tidlegare informasjon på Facebook-sida til Sogn og Fjordane SV, og teke ned den sida.

Facebook-sida til Vestland SV har pr. i dag 2870 følgjarar.

Instagram: Også på Instagram har Vestland SV gjort eit framhald av Hordaland SV sin konto. Der er det 557 følgjarar. Medan Sogn og Fjordane SV hadde beskjedne 67 følgjarar.

Det er eit mål å få fleire følgjarar i begge kanalar. Vi har hatt godt utbytte av at vi tok mange bilete av kandidatane våre på samlinga i juni, og dette har blitt brukt mykje, også etter valet.

23) Pressearbeid gjennom året

I dette valkampåret er det Marthe Hammer som fyrstekandidat til Vestland fylkesting som har arbeidd mest med pressearbeid, og fått til mange oppslag. Dette arbeidet står i fylkestingsgruppa si årsmelding. Denn oversikta syner utspel sendt ut frå Vestland SV:

31. mars: Kreative liner på nærskulen

– Det er viktig at vidaregåande skular i distrikta har fagtilbod som gjer skulekvardagen og fellesskapet meir mangfaldig, seier Hege Lothe, leiar i Vestland SV.

7. mai: Sats vidare på fagmiljøet i Leikanger

Statens Vegvesen omorganiserer frå fem regionar til seks divisjonar; Trafikant og kjøretøy, Utbygging, Veg, Transport og Samfunn, IT og Fellesfunksjoner. Regjeringa har som mål å flytte arbeidsplassar ut frå sentraladministrasjonen i Oslo.

– Ved å leggje leiinga av ein divisjon til Leikanger/Sogndal kan regjeringa sikre allereie eksisterande arbeidsplassar som leverer tenester med høg kvalitet, seier Marthe Hammer, fyrstekandidat for Vestland SV.

13. september: Vestland SV med Marthe Hammer i spissen har sagt ja til den nye samarbeidsavtala for Vestland fylke

– For SV har det vore viktig å vere med på eit samarbeid som sikrar ei utvikling i meir miljøvennleg og rettferdig retning. For oss har det vore viktig å sikre vidare utbygging av bybanen i Bergen og fortsette satsinga på kollektivtransport for storbyen og for heile distriktet, seier Marthe Hammer.

September: Vestland SV sitt høyringsfråsegn til NVE sitt «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft»

17. november: Hald på distriktskontora i NRK

NRK er i gang med eit omfattande arbeid med å omorganisere distriktskontora for å tilpasse seg dei nye samanslåtte fylka.

– Distriktskontora i NRK er ein viktig del av eit levande lokaldemokrati og løfter lokale saker regionalt og nasjonalt. Dei er med å gje eit viktig bidrag til korleis vi ser og forstår Noreg, seier Hege Lothe, leiar i Vestland SV, som vil åtvare mot at NRK sentraliserer distriktskontora sine.

24) Sogehefte for Sogn og Fjordane SV

Det siste fylkesstyre i Sogn og Fjordane SV var opptekne av å få gjort eit arbeid som dokumenterte noko av historia til laget, i det laget no vart lagt ned. Det var Gaute Losnegård som tok på seg å skrive heftet og i august var heftet klart for lansering. Det heiter «Sosialisme i trivselsfylket» Sogn og Fjordane SF / Sogn og Fjordane SV 1965-2019. Heftet har fått god mottaking. Det er få andre fylkeslag som har gjort eit tilsvarende arbeid med å skriftfeste og dokumentere historia si.

25) Økonomi

(vert lagt inn når rekneskapen er klar)

